

Notat

Dato: 15.05.2019
Arkivsak: 2018/11673-7
Saksbehandlar: ingedva

Til: Sekretariat for kontrollutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Status for oppfølgingspunkt etter forvaltningsrevisjon av beredskap på fylkesvegane

Fylkestinget gjorde 02.10.2018 følgjande samrøystes vedtak:

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan beredskap på vegnettet ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for:

1. Å sikre tilstrekkeleg detaljert planlegging av transportberedskapen, som synleggjer korleis transporten skal gjennomførast i praksis dersom ei hending utløyser det ekstraordinære beredskapsbehovet, og oppdatert oversikt over beredskapsaktørar.
2. Å avklare med Samferdselsdepartementet kva som er lovpålagte oppgaver som fylkeskommunen har ansvar for i sivil transportberedskap.
3. Å utarbeide skriftlege rutinar knytt til oppfølging av beredskapsplanar/-arbeid.
4. At revisjonen av Transportberedskap Hordaland 2010 blir ferdigstilt, behandla og følgt opp, samt sikrar at dokumentet blir evaluert og oppdatert jamleg.
5. Å skriftleggjere praksisen som er etablert for handtering av avvik og endringar i skuleskysstilbodet som følgje av hendingar på vegnettet.
6. Å sikre at beredskapsplanar knytt til transportberedskap blir gjort kjent for alle tilsette desse er relevante for, og sørger for at alle tilsette som er involvert i arbeid med transportberedskap deltek i naudsynte øvingar og mottek opplæring knytt til eigen rolle.
7. Å ta initiativ til meir samarbeid med kommunane i Hordaland og andre fylkeskommunar om planlegging og utføring av transportberedskap.
8. Å gjennomføre årlege kontaktmøte med aktørar som kan ha ei særskilt rolle innan den sivile transportberedskapen.

Fylkesrådmannen vil i det følgjande gi status for oppfølging av revisjonsrapporten punkt for punkt i samsvar med tidsplanen som var gitt i handlingsplan etter forvaltningsrevisjonen 25.01.2019.

- ❖ *Å avklare med Samferdselsdepartementet kva som er lovpålagte oppgåver som fylkeskommunen har ansvar for i sivil transportberedskap.*
 - Brev med førespurnad til samferdselsdepartementet vart sendt i veke 20, og er vedlagt.
- ❖ *Å sikre tilstrekkeleg detaljert planlegging av transportberedskapen, som synleggjer korleis transporten skal gjennomførast i praksis dersom ei hending utløyer det ekstraordinære beredskapsbehovet, og oppdatert oversikt over beredskapsaktørar.*
 - Vert svart ut jf. brev til samferdselsdepartementet.
- ❖ *At revisjonen av Transportberedskap Hordaland 2010 blir ferdigstilt, behandla og følgt opp, samt sikrar at dokumentet blir evaluert og oppdatert jamleg.*
 - Ny sikkerhetslov trådde i kraft frå 01.01.2020. Den nye lova omfattar no òg t.d. infrastruktur og samfunnskritiske objekt m.a. innafør samferdselssektoren og loven gjeld i fremste rekke statleg, fylkeskommunal og kommunal verksemd. Den nye lova slår med andre ord direkte inn i fagområdet som er omhandla i Transportberedskap Hordaland. Endringane som skjer innanfor samferdselsområdet som resultat av samanslåinga med Sogn og fjordane fylkeskommune, og i tillegg overføringa av fagområde frå Statens vegvesen til fylkeskommunen tilseier òg at dette arbeidet må sjåast i ein større samheng enn det som er tilfellet for det dokumentet som føreligg no. Samla sett meiner fylkesrådmannen at det er lite føremålstenleg å slutføre dokumentet Transportberedskap Hordaland på noverande tidspunkt.
- ❖ *Å skriftleggjere praksisen som er etablert for handtering av avvik og endringar i skuleskysstilbodet som følgje av hendingar på vegnettet.*
 - Skriftlege rutinar på området er lagt ved som eige vedlegg.
- ❖ *Å informere politisk nivå om resultatet av evaluering av transportberedskapen etter ras, flom ol. hendingar som har medført større utfordringar i samferdselssektoren. Slike erfaringar bør også vurderast i arbeidet med framtidige ROS-analyser.*
 - Staten og fylkeskommunen gjer bruk av same vegadministrasjon på regionalt nivå til å utføre oppgåver knytt til riks- og fylkesvagar etter veglova, under namnet sams vegadministrasjon. Sams vegadministrasjon vert avvikla frå 01.01.2020, då administrasjonen knytt til fylkesveg i Statens vegvesen vert overført til fylkeskommunane. Leveranseavtalen mellom Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen omtalar oppfølging av uønskte hendingar på vegnettet, men er meir retta mot ekstraordinære økonomiske konsekvensar av hendingane. Evaluering av hendingar med tanke på læring i høve til handteringa av hendingane er ikkje spesifikt dekkja av i leveranseavtalen. Dette må det arbeidast med i prosessen mot Vestland fylkeskommune, og må sikrast gjennom utarbeiding av interne rutinar. Etter 01.01.2020 vil dei fleste funksjonar innafør førebygging, handtering, oppfølging og evaluering av hendingar på fylkesveg ivaretakast innafør Vestland fylkeskommune.

Forbetringspunkt som er knytt opp mot økonomi og administrasjonsavdelinga sitt arbeid med oppbygging av ny kriseorganisasjon og utarbeiding av nytt kriseplanverk.

- ❖ *Å utarbeide skriftlege rutinar knytt til oppfølging av beredskapsplanar/-arbeid.*
- ❖ *Å sikre at beredskapsplanar knytt til transportberedskap blir gjort kjent for alle tilsette desse er relevante for, og sørger for at alle tilsette som er involvert i arbeid med transportberedskap deltek i naudsynte øvingar og mottek opplæring knytt til eigen rolle.*
- ❖ *Å gjennomføre årlege kontaktmøte med aktørar som kan ha ei særskilt rolle innan den sivile transportberedskapen.*
- ❖ *Å ta initiativ til meir samarbeid med kommunane i Hordaland og andre fylkeskommunar om planlegging og utføring av transportberedskap.*
 - Oppbygging av ny kriseorganisasjon skjer samstundes som det vert etablert ny organisasjonsstruktur for Vestland fylkeskommune. Arbeidet med utarbeiding av nytt krise- og beredskapsplanverk for Vestland fylkeskommune er i prosess, og bør i hovudtrekk vere klart til 01.01.2020.

